# Status for akvakultur og sjømateksport 1. kvartal 2014



Foto: HI

# Statusnotat våren 2014: Forvalting akvakultur:

## A Tildeling av nye laksekonsesjonar - Grøne løyver

Fiskeridirektoratet lyste i juni i fjor ut 45 nye lakseløyve. Det kom totalt inn 255 søknader, der faggruppa avviste 118 grunna formelle feil. 115 av desse klaga på avslaga. Nærings- og fiskeridepartementet har oppheva alle avvisingsvedtaka med unntak av to søknader i gruppe C. Faggruppa har i tillegg avslått to søknader i gruppe B grunna tekniske løysingar.

Gruppe B er nyleg ferdig handsama og snittprisen blei om lag 60 millionar pr. løyve. Ingen av løyva vart tildelt aktørar frå Sogn og Fjordane.

*Tabell 1: Status pr. mai 2014 på handsaming av «grøne løyve»*

| | Gruppe A | Gruppe B | Gruppe C |
|---|---|---|---|
| **Region** | Troms og Finnmark | Uavhengig av region | Uavhengig av region |
| **Tal på løyve** | 20 (10 til mindre aktørar) | 15 | 10 |
| **Pris** | 10 mill. kr per løyve | Høgaste bod | 10 mill. kr per løyve |
| **Innløysing** | Innløysing av eksisterande løyve i same region- som vert grønt løyve | Innløysing av eksisterande løyve i same region- som vert grønt løyve | Ikkje krav om innløysing |
| **Kriterie for tildeling- effektkrav** | «redusere miljøutfordringane» | «redusere miljøutfordringane» | «redusere miljøutfordringane vesentleg» |
| **Søknader totalt** | 59 | 72 | 124 |
| **Søknader S&F** | - | 4 | 12 |
| **Avviste** | 25 | 27 | 66 |
| **Klager** | 25 | 27 | 63 |
| **Prekvalifiserte søknader** | 59 | 70 | 119 |

Fiskeriminister Elisabeth Aspsaker uttalte på årsmøtet til FHL i Trondheim 2.april at vidare vekst av norsk oppdrettsnæring vil vere basert på bærekraftige kriterier. Det vil i hovudsak seie at ein får kontroll med lusesituasjonen i den næraste tida, samt at rømmingstala held seg på stabilt lavt nivå.

## B Fylkeskommunen, tildeling av løyver etter akvakulturloven (pr. mai 2014)

*Tabell 2: Oversyn over tildeling av akvakulturløyver i Sogn og Fjordane*

| | |
|---|---|
| **Vedtak fatta etter akvakulturlova** | |
| Løyve i perioden – til no i år 2014 | 17 |
| Avslag i perioden – til no i år 2014 | 0 |
| **Akvakultursøknader under behandling** | |
| Laks og aure i sjø | 5 |
| Laks og aure på land (landbasert) | 0 |
| Andre arter i sjø – (torsk =2) | 2 |
| Andre arter på land (rognkjeks) | 2 |
| Skaldyr | 0 |
| Vasslevande planter * | 8 |

*Merk at Sogn og Fjordane var først i landet med tildeling av akvakulturløyver til algedyrking

## Miljøstatus for havbruksnæringa

Lus:

Frå 2014 har myndigheitene fastsatt ei maksimalgrense på 0,5 voksen holus per fisk.
Høgare lusetal i høve til i fjor antar ein er eit resultat av den høgare sjøtemperaturen vi har hatt i år.
Oppdrettarane er no i gong med runde 2 med fellesavlusing for å halde lusenivået nede

Frå lusestatstikken i **Sogn og Fjordane** (**www.lusedata.no**) :



| | Siste 4 uker | Uke 14 | Samme uke i fjor |
|---|---|---|---|
| Antall lokaliteter | | 49 | 49 |
| Temperatur | | 5,8 °C | 4,5 °C |
| **Lus** | | **1,0** | **0,5** |
| Voksne hunnlus | | 0,1 | 0,0 |
| Bevegelige lus | | 0,5 | 0,3 |
| Fastsittende lus | | 0,4 | 0,2 |
| **Behandling** | | **22 %** | **12 %** |
| Medikamentell badebehandling | | 20 % | 12 % |
| Medikamentell fórbehandling | | 2 % | % |
| Mekanisk behandling | | 4 % | 4 % |
| **Rensefisk** | | **35 %** | **39 %** |
| Satt ut rensefisk siste uke | | 0 % | 0 % |

| | Siste 4 uker | Uke 18 | Samme uke i fjor |
|---|---|---|---|
| Antall lokaliteter | | 46 | 49 |
| Temperatur | | 7,5 °C | 6,0 °C |
| **Lus** | | **1,2** | **0,3** |
| Voksne hunnlus | | 0,1 | 0,0 |
| Bevegelige lus | | 0,6 | 0,1 |
| Fastsittende lus | | 0,6 | 0,2 |
| **Behandling** | | **0 %** | **2 %** |
| Medikamentell badebehandling | | % | % |
| Medikamentell fórbehandling | | % | 2 % |
| Mekanisk behandling | | % | % |
| **Rensefisk** | | **37 %** | **35 %** |
| Satt ut rensefisk siste uke | | 0 % | 0 % |

## Pankreassjukdom (PD) og Infeksiøs lakseanemi (ILA):

PD er ein av dei mest alvorlege virussjukdommane vi har i oppdrettsnæringa i dag. PD kjem av eit virus som blir rekna som salmonid alfavirus og sjukdommen kan påvisast både hjå atlantisk laks og regnbogeaure. Så langt i 2014 er det registrert 2 tilfelle av PD i Sogn og Fjordane.

Sogn og Fjordane hadde eit tilfelle av ILA i fjor haust. Dette er ein svært smittsam virussjukdom. Lokaliteten er i dag utslakta og bandlagt for minimum 6 mnd.




Kjelde: www.vetinst.no

# Marked:




**Noreg eksporterte første kvartal sjømat for NOK 16,8 mrd, dette er 25 % meir enn året før. Laks står for om lag heile auken i sjømateksporten, med ein eksport på NOK 10,7 mill.**